



Justerer: Dagleg leiar Steinar Langenes seier drifta vert justert for å retta opp manglane som vert påpeika i revisjonsrapporten.

Arkivfoto: Åsmund Soldal



Formalitetar: Styreleiar Marie Fraas Aksnes meiner dei påpeika manglane er meir av formell enn av praktisk art. Her er den tidlegare politikaren i samtale med Herleif Tveit i Sp.

Arkivfoto: Sigbjørn Linga

Hardanger AKS AS granska i revisjonsrapport:

Lovar bot og betring etter å ha fått kraftig kritikk

Korkje styret i Hardanger AKS AS, Kvam herad, Hordaland fylkeskommune eller Øystese gymnas slepp unna kritikk etter ein selskapsrevisjon av fyrstnemnde.

ÅSMUND SOLDAL

redaksjon@hf.no

Ein omfattande revisjonsrapport frå selskapet Deloitte AS går særleg hardt ut over styret og den daglege leiinga i Hardanger AKS. Revisjonsselskapet ramsar opp det eine brotet etter det andre på køyreglar og lover. Mellom anna heiter det at selskapet handsama ei alvorleg valdshandling på arbeidsplassen særskilt kritikkverdige. I tillegg er både aksjelov og lov om offentlege innkjøp ignorerte. Heradsstyret skal onsdag vurdere om styret i Hardanger AKS har naudsynt kompetanse til å gjennomføre ei rekke krav.

– Styring og kontroll av drifta i selskapet har fram til i dag, etter revisjonen si vurdering, vore usystematisk, uformell og vanskeleg å etterprøva, skriv granskarane, som har gjort jobben på vegner av kon-

trollutvalet i Kvam herad.

– Passive eigarar

I store trekk går det fram av rapporten at eigarane synest å bry seg heller lite om drifta av den forholdsvis store verksemda med avdelingar i Øystese og Norheimsund, og med ein omsetnad på over tju millionar kroner. Kvam herad er eit unntak.

Til gjengjeld er tilsynelatande heller ikkje verksemda synderleg oppteiken av kva eigarane meiner. Det skortar i alle fall på formell rapportering, sentrale vurderingar og kommunikasjon. Elles påpeikar revisjonen at det ikkje er gjennomført brukargranskingar og at det ofte er dårleg med pengar til lønsutbetaling. Ikkje eingong innhaldet i styreprotokollen finn nåde i revisoraugeo, for å nemna litt av revisorkritikken.

Rapporten kritiserer også eigarane, Hordaland fylkeskommune, Samnanger kommune og Kvam lag av NFU, for å vera altfor passive og likesæle til verksemda. Kvam herad får litt mindre pepar og vert sett på som den viktigaste eigaren, og den som freistar å klargjera roller og vilkår.

Fakta HARDANGER AKS AS

- Eigarar: Kvam herad (45,5 prosent), Hordaland fylkeskommune (36,4), Samnanger kommune (9,1), Jondal og Kvam lag av NFU (9,1).
- Styre: Marie Fraas Aksnes (leiar), Arne Fonneland, Karen Margrethe Øystese, Jette Lunemann Hansen og Dag Rune Mo.
- Dagleg leiar: Steinar Langenes.
- Inntekt: 2014: 20,3 millionar kroner. 2013: 13,4 millionar.
- Resultat: 2014: 1.199.000 millionar kroner (før skatt). 2013: 696.000 kroner.

Lang smørbrødsliste

Kontrollutvalet i Kvam bed heradsstyret slutta seg til ei liste av krav i samsvar med revisjonsrapporten. Det inneber at ein prioritert handlingsplan skal vera klar innan 1. oktober. Planen skal omfatta tiltak for å følgja opp tilrådingane i rapporten og seia kven som har ansvaret. Går heradsstyret med på det, vert det også sett i verk tiltak for å stetta krava i lista med 16 tilrådingar frå Deloitte.

Revisjonen meiner det er lite tilfredsstillande at selskapsstyret ikkje gjennomfører eignevaluering eller kompetansevurdering av styret siitt arbeid. Styret har heller ikkje i tilstrekkeleg grad retta seg etter styringssignal i eigarmeldingar og eigarstrategi, heiter det.

– Det er kritikkverdige at styret ikkje har følgd oppmodinga frå Kvam herad om å fremja den kommunale eigarstrategien for generalforsamlinga, og ikkje eingong handsama saka i styret, skriv revisorane.

– Er snart i mål

Dagleg leiar er kjend med eigarmeldinga, men hevda i møte med revisjonen at han ikkje var formelt varsla. Ifølgje rapporten var både dagleg leiar Steinar Langenes og styreleiar Marie Fraas Aksnes kjende med eigarmeldinga. Sistnemnde meinte då at ho var lite relevant for den dagleg drifta.

Langenes seier til HF at han ikkje er kjend med innhaldet i den endelege utgåva av rapporten.

Han understrekar likevel at både styret og selskapsleiinga er godt i gang med å justera drifta i samsvar med det fyrste utkastet til revisjonsrapport.

– Me er der me skal vera i prosessen, seier Langenes.

Formalitetmanglar

Detta stadfestar styreleiaren. Aksnes fortel at styret dei siste månedene har arbeidd med å gjennomføre dei opplista tiltaka.

– Stort sett er det einaste som står att å informera generalforsamlinga om Kvam herad si eigarmelding. Naturleg nok, på grunn av konkursen, er det heller ikkje gjort noko meir med det planlagde kjøpet av Norheimsund industriserivice AS, seier ho til HF.

Styreleiaren meiner selskapet i store trekk har drive slik det skal drivast, men hevda i møte med revisjonen at han ikkje var formelt varsla. Ho vedgår at det var ein glipp å unnlata å varsla generalforsamlinga om meldinga frå Kvam herad.

– Me har formalisert drifta og styrearbeidet etter innspellet frå Deloitte, seier Aksnes, som forstår at revisorane vart frustrerte over å ikkje finna dokumentasjon på alt dei var ute etter.

”Styring og kontroll av drifta i selskapet har fram til i dag, etter revisjonen si vurdering, vore usystematisk, uformell og vanskeleg å etterprøva.”

Utdrag av revisjonsrapporten frå Deloitte AS

Ho vil ikkje kommentera om styret er skikka til å gjennomføre alle tiltaka fordi ho meiner det er ei sak for generalforsamlinga, som vert halden i slutten av månaden. Styreleiaren vil heller ikkje koma inn på påstanden frå Deloitte om at selskapet har fleire passive eigarar.

– Alt i alt har revisjonsrapporten vore ein god reiskap for styret og verksemdleiinga i arbeidet med å formalisera drifta, seier Aksnes.

Ignorerte pensjonsalder

Rådmannen i Kvam var i fjor usikker på om dagleg leiar hadde tilstrekkeleg kontroll med drifta av Hardanger AKS, og om sel-

skapet hadde skikkeleg internkontroll. Det skuldast mellom anna at arbeidstakarar på 67 år ikkje vart pensjonerte sjølv om det er i strid med retningslinene til Nav Hordaland. Nav går heller ikkje fri, for Nav Kvam og Nav Hordaland har handsama selskapet ulikt.

Revisjonen meiner det er fint at Kvam herad har sett i gang prosessar for å formalisera ei nærare oppfølging av selskapet, og at selskapet mellom anna har starta arbeidet med eit heilskapleg kvalitetssystem.

Kvam herad har ikkje tilfredsstillande oversikt over og kontroll av kor mange arbeidstakarar heradet betalar for og kven som

er betalte av Nav. Det er uheldig at fylkeskommunen ikkje følgjer meir aktivt opp førespurnader frå Kvam herad om å slutta seg til ein felles eigarstrategi for selskapet, går det fram av rapporten. Deloitte meiner at selskapet i større grad må samla og integrera VTA-delen (varige arbeidsplassar) og attføringsdelen. Elevar ved Øystese gymnas har hatt praksisplassar i verksemda, men også dette har skjedd uformelt, utan skriftlege avtalar. Ifølgje rapporten har oppfølginga vore så mangelfull at elevar har gått tilbake til skulen fordi opphaldet var så keisamt.

– Likar seg, trass alt

– Revisjonen meiner selskapet er underlagt regelverket for industri- og verksemda, men selskapet veit ikkje det. Manglande system og rutinar er ein vesentleg mangel dersom det skulle oppstå ein krisesituasjon, fortel rapporten.

Verksemda er spesielt utsett ettersom fleire av arbeidstakarane har spesielle utfordringar. Det kan auka risikoen om det skulle oppstå ein krisesituasjon, skriv revisorane, som spør seg om det er mange nok arbeidsleiarar og andre ordinært tilsette til å følgja opp

arbeidstakarane på forsvarleg vis.

Fleire av dei 14 som har vorte intervjuet av Deloitte, forsikrar at tilsette likar seg godt på arbeidsplassen. Hardanger AKS tilbyr både varig tilrettelagde arbeidsplassar, arbeidstrening, attføring

og praksisplassar for skuleelevar.

Verksemda leverer såkalla jobbfrukt, driv Kontakten kafé, keiting, utleige av lokale, midtidsproduksjon, vaskeri, ved og trearbeid.



- Treffsikker
- Truverdig
- Trufast
- Tinga og betalt

HF – der lysingane vert lesne

HF Hordaland Folkeblad